

Sogn og Fjordane Bridgekrins

INNBYDING TIL : **KM Singel 2010** **Kvalifisering i Klubbane**

Som kunngjort i Terminlista, vert KM Singel arrangert med kvalifisering i klubbane i veke 11 (15.-19.3.) og finale i Leikanger 11.4.

Klubbane spelar kvalifiseringa på vanleg speledag – eller som tillegg – etter eige ynskje. Vi oppmodar til samarbeid mellom naboklubbar for å gjennomføra dette! Oppgje speledag, så vil dette bli kunngjort på krinsen si webside og på facebook-gruppa til krinsen.

Alle klubbar får tilsendt informasjon og kortfiler/ fasit for å spela kvalifiseringa, på den mailadressa dei har oppgjeve til krinsen. Ved spørsmål eller ynskje om anna mailadresse for oversending, kontakt Gunn Angelskår (gunn.angelskar@enivest.net) eller Torbjørn Pedersen (99503806) .

Startkontingent: kvalifisering: 25 kr. pr. spelar til krinsen (ved startavgift 50 kr, går det såleis 25 kr til klubben). Betal til: Sogn og Fjordane Bridgekrins, v/Kai Lille-Homb kto. **3720.14.91143**.

Send inn resultatlista i eigen klubb innan utgangen av veke 12 for å bli med i samandraget.

Finalen vert spelt 11.4.2010 Stad: Fylkeshuset, Hermansverk (Leikanger). Om nokon som spelar kvalifiseringa ikkje har høve til å delta på finalen, bed vi arrangørane gje melding om dette saman med innsending av resultatlister.

NBF Sogn og Fjordane
Gunn M Angelskår

